



**Saksframlegg**

**Søknad tilskot Næringsfondet**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskapet		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**

**Dokument i saka:**

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal Bed and Breakfast (924 985 119) blei stifta i 2020 og driv familiepensjonat i sentrum. Pensjonatet er ein av få kommersielle aktørar som tilbyr overnatting på heilårsbasis i kommunen. Verksemda er eigd av ekteparet Ytterstad og deira to døtrer med fordelinga 45/45/5/5.

Fyresdal Gjestehus har søkt om tilskot frå næringsfondet til vidareutvikling av serveringstilbodet ved gjestehuset. Tiltaket består av etablering av ein stor parasoll med straumtilførsel slik at det kan koplast til både ljøs og varme. Målet er å redusere sårbarheit knytt til værforhold og leggje til rette for eit meir stabilt serveringstilbod gjennom sommarsesongen og potensielt forlengje sesongen.

Tiltaket inneber også etablering av kiosk/bod i hagen for å effektivisere serveringa. I dag må servering og utstyr hentast frå kjøkkenet inne i bygget, og søkjar peikar på at ei slik løysing vil redusere tidsbruk, korte ned avstandar og frigjere kapasitet. Dette kan bidra til betre tilgjenge og høgare kapasitet i serveringstilbodet.

Tiltaket omfattar vidare grunnarbeid og nødvendig etablering av straumtilførsel.

Kalkyle	NOK eks mva
Kiosk med golv og brannvegg, gips	21 658
Snekker	22 000
Parasoll med lys/og varme	121 425
Elektriker, strømuttak bod+ opplegg 3-fas til parasoll	35 830
Grunnarbeid platting kiosk, fundamenttering parasoll osv	35 000
Egeninnsats (20 timer a 500 kroner)	10 000
Diverse kostnader	15 000
Oppgradering inntak strøm	5 200
<b>Sum budsjetterte kostnader</b>	<b>266 113</b>

Finansieringsplan	NOK
Tilskot (utgjær 37,5% av investeringa)	100 000
Egne midler	166 113
<b>Til sammen</b>	<b>266 113</b>

\* i oversendt dokumentasjon frå søkjar var det feil knytt til inklusive og eksklusive mva. Tabellen over viser rett tal og %vis størrelse av tilskot opp mot prosjektstorleik.

Tidlegare tilskot til Fyresdal Bed and Breakfast;

Sak	Dato	Tilskot Fyresdal bed and breakfast	Beløp
2025/ 321	03.04.2026	Investeringstilskot kjøkken	400 000
2023/ 637	10.05.2023	Etablerartilskot	40 000
2023/ 636	10.05.2023	Investeringstilskot brannvarslingsanlegg	61 500
		Tilsaman	501 500

I tillegg har Teisner AS (929 939 107) der Hege Stenberg Ytterstad er eigar (100%) motteke etablerarstøtte på kroner 40 000 i august 2023. Dette var for å drive Teisner spiseri i Meieribakken 4 i Fyresdal sentrum.

### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Næring og arbeidsplassar*

Fyresdal Gjestehus er ein av få aktørar innan overnatting og servering i kommunen, og bidreg til å styrke det samla reiselivsproduktet i Fyresdal. Eit variert og stabilt serveringstilbod er viktig både for innbyggjarar, tilreisande og den vidare utviklinga av kommunen som attraktiv besøks- og bustadstad.

I samband med etableringa av datasenteret i Fyresdal og gjennom fleire medverknadsprosessar med innbyggjarar, næringsliv og ungdom, har det gjentekne gonger vorte peika på behovet for fleire sosiale møteplassar, større kapasitet innan servering og pubtilbod, samt fleire aktivitetstilbod i sentrum. Eit styrka serveringstilbod vil kunne spele ei viktig rolle både for eksisterande innbyggjarar, besøkande og framtidige arbeidstakarar og tilflyttarar.

Tiltaket kan bidra til:

- styrke kapasitet og stabilitet i serveringstilbodet
- leggje til rette for lengre sesong og meir aktivitet i sentrum
- bidra til meir attraktive møteplassar
- styrke det samla reiselivs- og opplevingstilbodet i kommunen
- støtte opp under mål knytt til attraktivitet, stadutvikling og næringsutvikling

Samtidig omfattar søknaden investeringar som ligg i grenseland mellom faste investeringar og lausøyre. Næringsfondet skal i utgangspunktet ikkje nyttast til finansiering av lett omsetjeleg utstyr eller lausøyre, og det må derfor gjerast ei konkret vurdering av kva delar av prosjektet som bør inngå i tilskotsgrunnlaget.

Marknadsrisikoen knytt til eit utvida serveringstilbod er ikkje nødvendigvis er like stor som for berre nokre år sidan. Gjennom dei siste åra har Fyresdal hatt ei positiv utvikling i talet på besøkjande, mellom anna knytt til Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen som etablerte trekkplaster med stor gjennomgangstrafikk i sommarsesongen. Samstundes står kommunen framfor ei større utbygging knytt til datasenteretableringa, med betydeleg aktivitet og auka tilstrøyming av arbeidstakarar, leverandørar og besøkande over fleire år.

Dersom verksemda treff godt på konsept, kvalitet, opningstider, synlegheit kan dette gi eit betre kundegrunnlag enn tidlegare og redusere noko av den marknadsmessige risikoen som tradisjonelt har vore knytt til serveringsverksemd i mindre kommunar. Tiltaket kan dermed bidra til å styrke både eksisterande reiselivstrafikk og møte framtidig etterspurnad som følgje av utviklinga i kommunen.

Ein ser at tiltaket i hovudsak er positivt og støttar opp under kommunen sine mål knytt til reiseliv, sentrumsliv og attraktivitet. Samstundes vert det vurdert at investeringa knytt til parasoll på om lag kr 120 000 i hovudsak må reknast som lausøyre og derfor ikkje bør inngå i tilskotsgrunnlaget. Timesatsen på eigeninnsats må også fylgje tidlegare praksis som er 350 kroner.

Resterande budsjettpostar, etter justering av eigeninnsats i tråd med kommunen sin praksis, ligg likevel i grenseland mellom ordinær bedriftsutvikling og investeringar som kan støttast gjennom næringsfondet. Dersom det vert gitt tilskot, bør dette knytast til tydelege særvilkår som sikrar at investeringane bidreg til varig næringsutvikling og eit styrka tilbod for lokalsamfunnet. Tilskotet bør heller ikkje overstige praksis på 20% av totale investeringar.

### Konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer tiltaket som positivt med fylgjande justeringar;

Budsjett	NOK eks mva
Kiosk med golv og brannvegg, gips	21 658
Snekker	22 000
Elektriker, strømuttak bod+ opplegg 3-fas til parasoll	35 830
Grunnarbeid platting kiosk, fundamenttering parasoll osv	35 000
Egeninnsats (20 timer a 350 kroner)	7 000
Diverse kostnader	15 000
Oppgradering inntak strøm	5 200
<b>Sum budsjetterte kostnader</b>	<b>141 688</b>

Tilskot, (20%) utgjør då 28 338 kroner.

Det vert foreslått følgjande særvilkår:

- Tilbodet skal vere ope gjennom høgsesongen i kommunen, frå mai til oktober (som eit minimum juni, juli, august). Tilbodet skal vere tilgjengeleg gjennom både kvardager og helger slik at kommunen har eit serveringstilbod som både innbyggjarar, besøkande og arbeiderar tilknytt datasenteret kan nytte.
- Tilskotsmottakar skal arbeide aktivt med marknadsføring og synleggjering av tilbodet gjennom relevante kanalar og bidra til reiselivsutviklinga til kommunen
- Investeringane skal nyttast til kommersiell drift på aktuell adresse i regi av tilskotsmottakar. Dersom den kommersielle drifta vert avvikla eller flytta innan 5 år frå utbetalingstidspunktet, kan kommunen krevje heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotet.

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal Gjestehus AS vert innvilga tilskot frå næringsfondet på kr 28 338, tilsvarande 20 % av godkjent kostnadsgrunnlag etter justering av budsjettpostar og fråtrekk av

investeringar vurdert som lausøyre.

Tilskotet vert gitt med følgjande særtilkår:

a) Tilbodet skal vere ope gjennom høgsesongen i kommunen, frå mai til oktober, med eit minimumskrav om drift i juni, juli og august. Tilbodet skal vere tilgjengeleg gjennom både kvardagar og helger slik at kommunen har eit serveringstilbod som både innbyggjarar, besøkande og arbeidarar tilknytt datasenteret kan nytte.

b) Tilskotsmottakar skal arbeide aktivt med marknadsføring og synleggjering av tilbodet gjennom relevante kanalar og bidra til reiselivsutviklinga i kommunen.

c) Investeringane skal nyttast til kommersiell drift på aktuell adresse i regi av tilskotsmottakar.

d) Dersom den kommersielle drifta vert avvikla eller flytta innan fem år frå utbetalingstidspunktet, kan Fyresdal kommune krevje heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotet.

Tilskotet skal takast frå næringsfondet, saldo pr 20 mai 2026, 530 000 kroner.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef